

Salme

Du som låg i natt i seine,
sorgtyng, vanvyrd og åleine,
skjelvande på såre kne.
Du som skåli trufast tømde,
medan alle dine rømde,
Stridsman frå Getsemane.

Du som spotta vart og banna,
krynt med klunger krans um panna
medan augo brann i sorg.
Du som stod i namnlaus pine,
skild frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg

Du som hekk til korsen nagla,
medan blod ut sveitte hagla
frå di panne då du sa.
Fader kvifor gjekk du frå meg
å la nådens blodstraum nå meg.
offer lam frå Golgata

Lær mi sjel kor laut di lida,
syn meg såret ditt i sida
styrk og nør mi veike tru.
Syn meg dine merkte hender
so eg frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen du.